
Til: Opplærings- og helseutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Referanse
2014/12511-1

Dato
26.02.2014

Status – Produksjonsskulen i Hordaland.

Produksjonsskulen i Hordaland har planlagt oppstart hausten 2014. Ei arbeidsgruppe har utvikla prosjektplan og førebudd oppstart av Produksjonsskulen. Tiltaket er basert på praktisk arbeid og produksjon, med føremål om å ivareta ungdom mellom 16 og 21 år som fell ut av vidaregåande opplæring (registrert i Oppfølgingstenesta). Skulen skal ha opp til 45 elevar. Det vil verta kontinuerleg inntak, og undervisinga er ikkje definert som eit spesialpedagogisk tilbod.

Primært er målsettinga å motivera ungdommane til å gjennomføra ordinær vidaregåande opplæring, sekundært gå ut i arbeid. Føremålet med undervisinga er «arbeidslivsdanning». HFK ynskjer å henta impulsar frå Danmark, men samstundes skapa vår eigen identitet retta mot behovet i Hordaland. Det vert fokus på personleg utvikling og sosial kompetanse i like stor grad som fagleg utdanning. I fyrste omgang vert det oppretta tre ulike verkstader, i tillegg til undervising i fellesfag. Produksjonsskulen utviklar si eiga pedagogiske plattform basert på alternative læringsmodellar. Professor Thomas Nordahl har vore rettleiar her.

I løpet av mai månad vil ein ha på plass fagleg dyktige medarbeidarar med eit sterkt ynskje om å forbetra den einskilde ungdom sin kvardag. Fylkesrådmannen har som mål å skapa ein produksjonsskule med fokus på kvalitet i alle ledd. Her kan ungdommane vera i omlag eitt år, med målsetting om tilbakeføring til ordinær utdanning eller arbeid etter kortast mogeleg opphald.

Baste Bruarøy tok til som dagleg leiar 20. januar d.å. I desse dagar pågår forhandlingar om leigekontrakt i veleigna, sentrumsnære lokale. Skulen skal ikkje samlokaliseras med annan vidaregåande skule. Fylkesrådmannen viser til tidlegare sak (Møte i OPHE 04.06.13) om «Oppretting av produksjonsskule i Hordaland. Modell, finansiering og løypemelding.»

